

NORDDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

---

26.03.2014

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 01.04.2014 kl. 15.15 på  
Rådhuset**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 9. desember 2013
- « 02/14 - Tilsettingar i Norddal kommune –  
administrasjonsutval/partsamansett utval si rolle
- « 03/14 - Utgreiing om organisering av revisjondistrikt - orienteringsak
- « 04/14 - Brev frå Elsa N. og Lars Selboskar datert 14.  
september 2013
- « 05/14 - Vedkomande Myklebust Vassverk – eventuell ny avtale  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til  
dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Jon Kåre Løvoll  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 9. desember 2013

Møtestad: Rådhuset kl. 15.15

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjell, Olav Løvoll og Arild Nærø

**=5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt som vart behandla.

**SAK 23/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. OKTOBER 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 15. oktober 2013 blir godkjent.

**SAK 24/13**

**TOMTEDELING I NORDDAL KOMMUNE**

Saksdokument datert 03.12.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Norddal kommunestyre opphevar formannskapet sitt vedtak av 12.07.2013 og ber formannskapet om å treffe eit nytt, grunngitt vedtak i saka.

2. Kommunestyret ber administrasjonen om å legge fram forslag til regelverk for tildeling og sal av tomter med utgreiing av korleis retningslinene skal brukast.

**SAK 25/13**

**BREV FRÅ ELSA N. OG LARS SELBOSKAR DATERT 14. SEPTEMBER 2013**

Saksdokument datert 03.12.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Saka er ikkje ferdigbehandla i kommunen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir om nødvendig å kome tilbake til ved eit seinare høve.

**SAK 26/13**

**VEDKOMANDE MYKLEBUST VASSVERK – EVENTUELL NY AVTALE**

Saksdokument datert 03.12.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Saka er ikkje ferdigbehandla i kommunen.

Arild Nærø stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Kontrollutvalet føretok votering i habilitetsspørsmålet og det vart fatta eit samrøystes vedtak om at Arild Nærø var inhabil.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir utsett.

**SAK 27/13**

**MULIGE SAKER TIL SEINARE BEHANDLING**

Arild Nærø tok sete på nytt.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Tema relatert til etikkreglementet blir ikkje arbeidd vidare med på noverande tidspunkt.
2. Handtering av dokument etter Offentleglova blir ikkje prioritert på noverande tidspunkt.
3. Tema relatert til kommunen si handtering av plan-og bygningslova blir teke opp til nærmare vurdering i neste møte.

**SAK 28/13**

**REKRUTTERING I LEIARSTILLINGAR** (Saka kom opp under eventuelt)

Til kontrollutvalet har det kome innspel på tilsettingsregelverket og tilsettingar av nøkkelpersonell i Norddal kommune. Det vart reist spørsmål om dagens ordning med administrativ tilsetting burde bli evaluert og få ei vurdering av administrasjonsutvalet (Partsamansett utval) som tilsettingsorgan samt utvalet si rolle pr. i dag.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å undersøkje kva sakstypar og aktivitet som er i administrasjonsutvalet (Partsamansett utval) til neste møte. Vidare blir kontrollutvalsekretariatet bedt om å finne ut kva fullmakter dette utvalet har.

Jon Kåre Løvoll leiар (sign.)	Solveig Linge Stakkestad nestleiar (sign.)	Turid Aspehjell medlem (sign.)	Olav Løvoll medlem (sign.)
-------------------------------------	--	--------------------------------------	----------------------------------

Arild Nærø  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Norddal kommune

Dato: 26.03.2014

**SAK 02/14  
TILSETTINGAR I NORDDAL KOMMUNE  
ADMINISTRASJONSUTVAL/PARTSAMANSETT UTVAL SI ROLLE**

I kontrollutvalsak 28/13 kom det fram at det har kome innspel til kontrollutvalet på tilsettingsregelverket og tilsettingar av nøkkelpersonell i Norddal kommune. Det vart reist spørsmål om dagens ordning med administrativ tilsetting burde bli evaluert og få ei vurdering av administrasjonsutvalet (partsamansett utval) som tilsettingsorgan samt utvalet si rolle i Norddal kommune. På bakgrunn av dette vart kontrollutvalsekretariatet bedt om å undersøkje kva sakstypar og aktivitet som er i administrasjonsutvalet (Partsamansett utval) til neste møte. Vidare vart kontrollutvalsekretariatet bedt om å finne ut kva fullmakter dette utvalet har.

Krav om administrasjonsutval går fram av kommunelova § 25. Det går likevel fram av denne paragrafen at slikt utval kan bli erstatta med anna ordning dersom minst tre fjerdedeler av dei tilsette gir tilslutning til dette.

Som ei vidareføring av utviklinga om medbestemmelsesrett på 1960- og 1970 talet vart det vedteke ei lov i 1981 om tilsette sin representasjon i styrande organ i offentlege verksemder. Denne lova vart ikkje sett i kraft og er no oppheva. Årsaka var at ein fann det meir formålstenleg å fastsette slike ordningar i avtaleverket. For kommunesektoren vart slike ordningar bestemt frå 1. juni 1983 som ein del av hovudavtalen mellom KS og organisasjonane for dei tilsette. Eit hovudpunkt i denne avtalen var innføring av administrasjonsutval som kommunen sitt hovudutval i personalsaker, med rett for arbeidstakarorganisasjonane til å peike ut minst to representantar i utvalet.

Krav om administrasjonsutval kom med i kommunelova av 1992. Ordninga medfører at tilsette har rett til å møte og tale, eventuelt også rett til å gjere framlegg og å ha hove til å stemme. Etter kommunelova har dei tilsette rett til å vere med å bestemme i saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

I kor stor grad tilsette kan vere med å bestemme blir fastsett av kommunestyret. Av kommunelovproposisjonen går følgjande fram:

*De nærmere bestemmelser om hvilke saker som skal behandles av administrasjonsutvalget, og nærmere retningslinjer for utvalgets arbeid må fastsettes av kommunestyret/fylkestinget selv, eventuelt etter forhandlinger med de ansattes organisasjoner.*

Minstekravet til medbestemmelse går fram av Hovudavtalen. Dersom kommunestyret ønsker det, kan ein gå utover minstekravet og legge alle personalsakene til administrasjonsutvalet.

Av kommentarane til rettsdata kjem følgjande fram:

*Loven forutsetter imidlertid at utvalget er sentralt plassert i behandlingen av saker som gjelder forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver og de tilsatte. Det må bety en plikt til å benytte utvalget som innstillende organ når slike saker avgjøres av andre organer – i praksis kommunestyret, fylkestinget, formannskapet eller fylkesutvalget, og det må også bety at det er ulovlig å sette dette utvalget på et sidespor ved omfattende delegasjon av avgjørelsesmyndighet til administrasjonssjefen, slik at denne innstillingfunksjonen bortfaller.*

Kommunestyret kan velge å legge heile personalsakområdet til administrasjonsutvalet, men kan også dele slike saker mellom fleire instansar. Nokre sakstypar må likevel leggast til administrasjonsutvalet. Utover dette blir det presisert på nytt at kommunen kan ha ei anna ordning enn administrasjonsutval dersom minst tre fjerdedeler av dei tilsette gir tilslutning til dette.

Av Reglement for folkevalde og politiske organ i Norddal kommune går det fram at partsamansett utval i Norddal kommune skal behandle saker av overordna og prinsipiell karakter og bidra inn mot kommunestyret si handtering av arbeidsgjevarrolla.

Det blir opplyst av Partsamansett utval har hatt 6 møte i 2012 og 3 møte i 2013.

Av Delegeringsreglementet til Norddal kommune går det fram at tilsetting av leiargruppe blir gjort av eit tilsettingsutval som er leiar i partsamansett utval, rådmann og hovudtillitsvald. Tilsettingsutvalet for alle andre stillingar består av rådmann eller den han gir mynde, verksemdsleiar og hovudtillitsvald. Rådmannen tilset i vikariat og andre midlertidige stillingar det er stillingsheimel for. Utover dette har rådmannen nokre andre personaloppgåver i følge det same reglementet.

Etter at mange kommunar gjekk over til flat administrativ struktur og eit relativt høgt tal på einingsleiarar, har mange av oppgåvene administrasjonsutvalet hadde blitt delegert til rådmann/einingsleiarar. I Norddal kommune skal partsamansett utval som nemnt ovanfor behandle saker av overordna og prinsipiell karakter.

Det vart reist spørsmål om dagens ordning med administrativ tilsetting burde bli evaluert og få ei vurdering av om administrasjonsutvalet (partsamansett utval) burde vere tilsettingsorgan for leiargruppa og nærmere definert nøkkelpersonell i kommunen.

På bakgrunn av dei opplysningane som no ligg føre kan kontrollutvalet vurdere om det er interessant å gå vidare med dette temaet og eventuelt legge fram ei innstilling for kommunestyret om endring i reglement for tilsettingar av nøkkelpersonell i kommunen.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Norddal kommune

Dato: 26.03.2014

**SAK 03/14  
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT -  
ORIENTERINGSAK**

Som vedlegg følgjer:

- Notat frå interimsgruppa – Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

Det blir vist til vedlagte notat. Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnson vil gi ei nærmare orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

---

## Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

---

30. august 2013

---

## Møre og Romsdal – kommunal revisjon

Ønske om å få etablert et interkommunalt samarbeid om revisjon for alle kommuner og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har flere ganger vært oppe til vurdering.

Høsten 2012 ble en invitasjon til samarbeid sendt fra styret i Kommunerevisjonsdistrikt II til kontrollutvalget i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne invitasjonen ble behandlet i kontrollutvalget og deretter i fylkestinget. Det ble her vedtatt å utrede alle sider ved et samarbeid med Kommunerevisjonsdistrikt II, i tillegg ble det åpnet for at andre kommuner i fylket kan bli med i utredningsarbeidet. Fylkestinget vedtok også at utredningen skal legges fram for fylkestinget før eventuelle forhandlinger om etablering av en felles revisjonsenhet.

Etter positivt vedtak i fylkestinget har interessentene i samarbeidet satt ned en interimsarbeidsgruppe med deltagere fra kontrollutvalgene og fra revisjonsenhetene. Interimsarbeidsgruppen har sendt invitasjon til alle kommuner v/kontrollutvalgssekretariatet og revisjonsdistrikt i fylket, og invitert dem til å delta i arbeidet. Etter denne invitasjonen er det foreløpig Distriktsrevisjon Nordmøre IKS som har meldt sin interesse for å delta i utredningen, og derved er blitt med i interimsarbeidsgruppa.


Interimsarbeidsgruppa har nå følgende deltagere:

Navn	Rolle	Fra
Ingvild Bye Fugelsøy	Revisor/tillitsvalgt	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS
Anny Sønderland	Revisor/tillitsvalgt	Kommunerevisjonsdistrikt II
Ronny Rishaug	Revisor/tillitsvalgt	Fylkesrevisjonen
Åse Eriksen	Sekretær	Kontrollutvalgene i Romsdal
Harald Svendsen	Sekretær	Kontrollutvalgene på Nordmøre
Hans Blø	Sekretær	Kontrollutvalget i fylkeskommunen
Sigmund Harneshaug	Revisjonssjef	Kommunerevisjonsdistrikt II
Finn Å. Ødegård	Revisjonssjef	Fylkesrevisjonen
Bjarne Dyrnes	Revisjonssjef	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS

Interimsarbeidsgruppa mener utredningsarbeidet må ha en forankring hos alle deltagere og foreslår at det etableres en styringsgruppe som leder dette arbeidet. De som ønsker å delta i utredningen inviteres til et møte i representativt organ hvor styringsgruppen velges, og hvor mandatet for utredningen blir fastlagt.

Interimsarbeidsgruppen legger i dette notatet fram forslag til mandat, organisering og framdriftsplan for utredningen.

## Prosesskart



## Mandatet for utredningen

Alle kommunene som er invitert med i utredningen er godt fornøyd med sine revisjonsenheter i dag. Det er derfor framtidens utfordringer og hvordan disse skal møtes som er grunnlaget for utredningen.

Arbeidsmarkedet er stramt i vår region, og det har vært utfordringer med rekruttering av revisorer ved enkelte anledninger. Kommunal revisjon vil også av enkelte arbeidssøkere kunne oppleves som en nisje i markedet, noe som kan gi større utfordringer på området i framtiden. En større revisjonsenhet gir større fagmiljø og kan bidra til breiere og bedre rekruttering. Utredningen bør derfor ha som fokus hvordan en kan bidra til å beholde og rekruttere kompetansen kommunene har behov for i framtida.

Trenden i revisjonsbransjen er større enheter, noe som også reflekterer samfunnsutviklingen innen kommunesektoren. Samhandlingsreformen er et eksempel som stiller nye krav til kompetanse for både kommunene selv og kommunens revisor. Blir det færre og større kommuner i fremtiden er det med på å forsterke behovet for større revisjonsenheter.

Vi foreslår at utredningen blir gjennomført etter følgende mandat:

*Utredningen skal innledningsvis beskrive revisjonens oppgaver, lovmessig grunnlag og intensjoner for den kommunale revisjonsordningen, herunder avgrensning i forhold til rådmannens ansvar for internkontroll og tilsynsmyndighetenes virkefelt.*

*Utredningen skal beskrive hvilke krav og målsettinger som er relevant å stille til en framtidig interkommunal revisjonsordning. Videre skal den belyse fordeler og ulemper med en*

*sammenslåing av revisjonsenhetene sammenholdt med dagens ordninger, herunder i hvilken grad en sammenslåing av enhetene kan bidra til økt kompetanse, høyere kvalitet på revisjonstjenestene, høyere produktivitet eller andre fordeler. Dagens kompetansebeholdning i revisjonsenhetene må også kartlegges.*

*Alternative organisasjonsmodeller og samarbeidsordninger skal være en del av utredningen. Her skal det blyses hva slags bindinger og forpliktelser en eventuell endring av revisjonsordningen vil innebære for kommunene, herunder muligheten for framtidig uttreden av ordningen. Ansattes rettigheter og forpliktelser blyses i utredningen.*

*Det skal blyses hvordan eierkommunene kan utøve eierstyring dersom revisjonen organiseres som et interkommunalt selskap(IKS).*

*Utredningen skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonsenheten og sekretariatet for kontrollutvalgene.*

## Organisering av utredningsarbeidet

Det har vært gjennomført flere utredninger om kommunal revisjon i Norge de siste årene. Vi har sett på organisering av en tilsvarende utredning på Romerike som førte frem til et felles revisjonsselskap for kommunene der. Vi foreslår i hovedsak å bruke den samme organisering av vår utredning.

Som nevnt innledningsvis foreslår vi at det etableres en styringsgruppe som leder utredningsarbeidet.

Vi har i dag to revisjonsselskap og fylkesrevisjonen som har meldt sin interesse for å delta i utredningsarbeidet. Styringsgruppen kan bli veldig stor dersom alle aktuelle kommuner og fylkeskommunen skal være representert. Vi foreslår derfor at det blir ett medlem fra ett av kontrollutvalgene som tilhørere hver revisjonsenhet i styringsgruppen, til sammen blir det da 3 medlemmer pr dato. For å ha en sterkest mulig forankring politisk mener vi at det er kontrollutvalgsledere som fortrinnsvis må velges til dette. Et alternativ kan være å velge leder av representantskapet eller styret for revisjonsenheten, noe som gir en god forankring mot dagens revisjonsenhet på overordnet nivå. I tillegg mener vi det må være en representant fra de ansatte i styringsgruppen, denne velges av de ansatte.

Vi foreslår også at det settes ned en arbeidsgruppe som skal gjennomføre utredningen.

I arbeidsgruppen foreslår vi at revisjonssjefene i aktuelle enheter deltar, samt at de ansatte får velge en representant. Prosessen involverer svært mange kommuner og flere revisjonsenheter så vi anbefaler også at det vurderes å ta inn en ekstern utredningsleder som kan lede prosjektet.

Dersom flere revisjonsdistrikt/kommuner ønsker å delta i utredningen mener vi at det på samme måte som ovenfor, også da velges en kontrollutvalgsleder fra en av kommunen i det aktuelle revisjonsdistriket inn i styringsgruppen.

Det bør også velges personlige varamedlem til alle deltagere i styringsgruppen.

Styringsgruppen og arbeidsgruppen kan selv velge sin organisering, men vi anbefaler at det velges en leder for hver av disse som har et særskilt ansvar for fremdriften i arbeidet.

## Framdriftsplan

Vi ser mange fordeler med en effektiv framdrift på utredningen. Det er likevel svært mange kommuner involvert og arbeidet vil nødvendigvis ta tid.

Vi legger frem følgende forslag til overordnet fremdriftsplan:

- Konstituerende møte med valg av styringsgruppe – innen 30.11.2013
- Utredning lagt frem av styringsgruppen – innen 30.04.2014
- Behandling i respektive kommunestyre/fylkesting – innen 30.06.2014
- Forhandlingsfase for etablering av ny revisjonsenhet – 1.7 til 31.12.14
- Eventuell etablering av ny revisjonsenhet – innen 30.6.2015

Det er mest praktisk å etablere en ny revisjonsenhet 1.7.2015 pga revisjonsarbeidet for regnskapsåret 2014 blir avsluttet i løpet av første halvår 2015.

De kommuner som ønsker å delta i arbeidet må avklare dette innen konstituerende møte i styringsgruppen.

Vi ser at utredningsarbeidet må delvis gjennomføres i årsoppgjøret som er den mest krevende tid for revisjonsenhetene, vi tror derfor det må beregnes såpass tid på dette.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Norddal kommune

Dato: 26.03.2014

**SAK 04/14**

**SAK GJELDANDE ELSA N. OG LARS SELBOSKAR**

Det er mottekne ein del dokument. Desse følgjer saka som vedlegg.

Denne saka kom opp første gongen i kontrollutvalet sitt møte 15.10.2013 under eventuelt – sak 22/13.

Kontrollutvalet fatta då slikt samrøystes vedtak:

*Det blir vist til påstandar som kjem fram i brevet. Rådmannen blir bedt om å legge fram ei skriftleg utgreiing om status og framdrift i saka innan 20. november 2013.*

I ein e-post datert 24.10.2013 skriv rådmannen at Det faste planutvalet har som målsetting å behandle saka i desember 2013.

Kontrollutvalet må som ein hovudregel ikkje gå inn i ei sak før ho er ferdigbehandla. Med bakgrunn i dette tilår eg at kontrollutvalet stiller seg avventande og eventuelt kjem tilbake til saka på eit seinare tidspunkt.

Saka vart på nytt sett på saklista i kontrollutvalet sitt møte 9. desember 2013 i sak 25/13.  
Saka var då ikkje ferdigbehandla i kommunen og kontrollutvalet fatta slikt samrøystes vedtak:

*Saka blir om nødvendig å kome tilbake til ved eit seinare høve.*

I sak 007/14 i Det faste utvalet for plansaker er det no gitt dispensasjon frå reguleringsplanen. Før dette vedtaket er endeleg skal det vere høyring og ny behandling.

Saka blir lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Lars Jarle Selboskar  
Fjørå

6210 VALLDAL

Vår ref.  
08/2269/29/32/DALI/70258821

Dykkar ref.

Dato:  
06.11.2013

## Særutskrift: Referatsaker

På møtet i det faste utvalet for plansaker 14.10.13 vart desse dokumenta referert:

- Brev frå Lars og Elsa Selboskar dagsett 14.09.13 vedk byggesak på Nysætra i Fjørå – Teknisk etat si behandling
- Brev frå NK til Lars og Elsa Selboskar dagsett 17.09.13
- Retningsliner sætrestølar Stordal kommune vedtatt 18.09.13

Merete Løvoll Rønneberg kom med slikt forslag til vedtak:




Det faste utvalet for plansaker vil be om å få framlagt byggesak på Nysætra snarast råd, seinast i desembermøtet. Tiltakshavar Elsa N. og Lars Jarle Selboskar.

### Vedtak:


Det faste utvalet for plansaker vil be om å få framlagt byggesak på Nysætra snarast råd, seinast i desembermøtet. Tiltakshavar Elsa N. og Lars Jarle Selboskar.

Med helsing

*Dagrun Lilleas Arctander*  
Dagrun Lilleas Arctander  
konsulent



HYTTE NYSETRA	Målestokk	Tegn.
ELSA og JOSTEIN SELBOSKAR	1:100	Trac.
PLAN OG SNITT		Kfr.
Erlastning for:		
Kjell Selboskar		
Ersattet av:		



Ved planar om utnytting av stolsområdet til rekreasjon, bør dei gamle stolsbygga setjast i stand mest mogleg i si opphavlege form. Sterk rehabilitering avdelegg kulturminnerverdien. Ønskjer ein nye bygg med betre komfort og hogare bygningsmessig standard, bør desse oppførast i eigne område utanom den gamle stolen.


## 6.5 STØLAR OG FRITIDSHUS

I dag opplever vi i - ikkje minst i dei bygdene dette hefti spesielt gjeld for - stor og forniva interesse for å ta stolane i bruk til fritidsformål. Dette bygger i viss grad på ein gammal tradisjon. Det kan også vere med på å redde stolane som kulturne frå forfall og øydeleggning.

Seitt i frå opplevnings- og kulturminessynspunkt, er der et par problem knyttte til den nye og moderne bruken av stolane:


Vi vil sjeldan noye oss med den enkle standarden på dei gamle selna.

Vi har ein tendens til å bygge dei nye "selna" på ein måte som bryrt med både utforminga av einskildhusa og plasseringa innbyrdes (sjå over om fjos og sel).



Nye fritidshus må informast individuelt og tilpassast terrenget.  
Ein må inngå å bygge veranda som vist på skissa over.  
I tillegg til at det kan vere stygt, ber det signal om privat sone  
rundt huset på ein ueheldig mate.

Eldre stolshus kan vere føredome for nye bygg både når det gjeld  
hovudform og måten dei er lagde på i terrenget  
og i hove til hovedvindretninga.



Døme til høgre viser at terrenget  
kan brukast til utcareal når det er informa med omtanke.

### Ny bruk av stolane:

For å verne om opplevningsverdien på dei gamle stolane bør ein velje enten å ta i bruk dei gamle stolane på ein måte som vidarefører kulturminnerverdien - eller setje opp nye, meir "komfortable" fritidshus i ein viss avstand frå gamlestolen. Dei nye husa kan ta utgangspunkt i byggeskikken på dei gamle stolane.



Saksframlegg

## Oppføring av hytte/sel gnr 32, bnr 1 og 2 - Elsa N. og Lars J. Selboskar

Saksnr.	utval	Møtedato
139/13	Formannskapet	09.12.2013

### Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.12.2013	Teikningar	66454
02.12.2013	Situasjonsplan	66453
02.12.2013	Stolar og sæterhus - skisse	85348

### Ikkje utsendte saksdokument:

Gjeldane kommuneplan, arealdelen

Gjeldande føreseger til arealdelen av kommuneplanen, vedteke 04.07.2011

Heftet "Byggeskikk og estetikk" – råd om planlegging og bygging i Norddal, Stordal, Stranda Sak PL-31/13, møte 14.10.2013.

Innspill til den politiske behandlingen av byggesak Nysætra – Lars J. Selboskar

Innspel til den politiske behandlinga som er varsle – Kjell Selboskar

Ad. Byggesak på Nysætra i Fjørå. Teknisk etat i Norddal sin behandling

Særutskrift sak 22/13 i kontrollutvalet med vedlegg med forespørsel om svar frå rådmann

Etterspor vedtak etter planutvalsmøte 14.10.13 – Lars J. Selboskar

Søknaden om byggeloyve m/kvittering for nabovarsel

Søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar

### Rådmannen si innstilling:

1. Søknaden datert 31.10.2012 frå Elsa N. og Lars J. Selboskar om nybygg på Nysætra, gnr. 29-32, bnr. 1, 2, kan ikkje handsamast med heimel i plan- og bygningslova og kommuneplanen, arealdelen..  
For søknaden kan handsamast må det ligge føre reguleringsplan eller dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen sitt krav om regulering.

### Handsaming:

Samroystes i samsvar med innstillinga.

**FS-139/13 Vedtak i Formannskapet 09.12.2013:**

Søknaden datert 31.10.2012 frå Elsa N. og Lars J. Selboskar om nybygg på Nysætra, gnr. 29-32, bnr. 1, 2, kan ikkje handsamast med heimel i plan- og bygningslova og kommuneplanen, arealdelen..

Før søknaden kan handsamast må det ligge føre reguleringsplan eller dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen sitt krav om regulering.

**Saksgrunnlag:**

I planutvalet sitt møte den 14.10.13 vart det vedteke å be om at denne byggesaka vart lagt fram for handsaming; jfr. sak PL-31/13.

Formannskapet gjorde i møte den 02.09.13 i sak 080/13 vedtak om at kommunen skal starte att med å lage retningsliner (felles med Stordal kommune) om riving, påbygging, nybygging og endra bruk av bygningar mv. på seterstølar, dette etter råd frå fylkeskommunen.

I sak 080/13 var det klart uttrykt at allereie innkomne saker og nye saker er naturleg får si handsaming etter at retningslinene ligg føre. Det var såleis noko overraskande for administrasjonen at denne saka no skal leggast fram for handsaming.

Ikkje denne konkrete søknaden og nybygg, men forspelet til denne saka går attende heilt til 2008. Det vart då gjort positivt vedtak (sak 035/09) om tilbygg til hytte/sel, etter at sivilarkitekt MNAL Helge Aarset hadde laga planane for tilbygg gjennom ordninga "fri arkitekthjelp" og kulturavdelinga i fylkeskommunen ikkje hadde merknader.

Nye planar for hytte/sel låg føre i eit privat forslag frå Selboskar i 2011. Desse teikningane vart på vanleg måte oversendt kulturavdelinga i fylkeskommunen, men fylkeskonservatoren ber i fråsegn dagsett 15.06.2011 om at ein anten bygg ut etter forslaget frå desember 2008, eller at ein lagar eit nytt forslag i tråd med dei signala som er gitt i denne fråsegna.

Då kommunen sommaren 2012 vart merksam på at selet på Nysætra var rive og murar, pilarar mv. for nybygg var førebudd, vart det i brev datert 03.07.2012 kravd stopp i arbeidet og presisert at vidare arbeid på sel/hytte ikkje kan ta til før tiltaket er godkjent av kommunen etter fullverdig handsaming.

Etter dette har det vore møte mellom Selboskar og kommunen (juli 2012) og deretter fleire dokument i saka, desse dokumenta er lagt ved saka som ikkje utsendte. Ein har valt ikkje å kommentere desse innkomne skriva spesielt, då dei vert oppfatta å ligge på sida av det som konkret gjeld dei formelle forhold i denne byggesaka.

**Saksopplysningar:**

Søknad dagsett:	31.10.12
Gnr./bnr/fnr.:	Gnr 29-32, bnr. 1, 2 – Nysætra
Tiltak:	Fritidshus
Ansvarleg søker:	Lars J. Selboskar, Fjørå, 6210 Valldal
Tiltakshavar:	Elsa N. og Lars J. Selboskar, Fjørå, 6210 Valldal
Storleik:	35,4 m <sup>2</sup> BRA
Kartreferanse:	EUREF89 X=6909157, Y=414314
Nabovarsel:	Ingen merknader på nabovarsel.
Vatn/Avløp/Tilkomst:	Ikkje innlagt vatn(avløp. Ingen endring på eksisterande tilkomst.

Det ligg føre søknad om ansvarsrett som sjølvbyggar frå:

Lars J. Selboskar:

SØK, PRO, UTF, bygning, tiltakskl. 1

Søknaden gjeld oppføring av ny fritidsbustad med ein storleik på 35,4 m<sup>2</sup> BRA, 54 m<sup>2</sup> BYA på fellesgrunn gnr. 29-32, bnr. 1, 2 , Nysætra i Fjørå.

Den nye bygninga er planlagt plassert på tomta der det tidlegare stod eit sel/hytte som utan løyve er riven.

Fritidshuset er planlagt oppført i bindingsverk i ei høgd og vil innehalde stove/kjøkken, 2 soverom og do. Takkonstruksjonen er med innvendig synlege åsar og med ein takvinkel på om lag 22 ° (målt på teikninga), taktekke av torv.

Det er meint å nytte liggende bordkledning, storruta vindauge, tak-overbygd inngangsparti og med terrasse/veranda på heile hovudfasaden, langsida mot syd.

Kommunen har mange setreområde med kulturhistorisk verdi. Desse er kartlagt og vurdert i rapporten "Setrar i Norddal" (1995).

Arealdelen av kommuneplanen (2008-2020) har delt setrane våre opp i gradert verneverdi A, B, C og D, der A inneber størst verneverdi.

Døme på verneverdi A: Reindalssætra, Herdalsætra, Nedstestølen (Valldal)

Døme på verneverdi B: Rellingsætra, Øygardsætra, Steindalsstølen, Nedstestølen (Fjørå)

**Døme på verneverdi C:** Tafjordsætra, Kilstisætra, Øvstestølen, Nysætra

Døme på verneverdi D: Muldalssætra, Storhjellsætra, Alstadsætra

I gjeldande arealdel til kommuneplanen – Føresegner og retningsliner er dette vedteke under punkt 6:

## 6 Landbruk-, natur- og friluftsområde

(PBL § 20-4, 2. ledd bokstav b, c og d.)

### 6.1.1 Sæterstølar

For nybygging i stølsområda er det krav om reguleringsplan.

Saker som gjeld endring (tilbygg, påbygg og riving) av eksisterande bygg skal leggast fram for fylkeskonservator før bygge- eventuelt rivingsløyve kan bli gitt.

For stølar som ligg i landskapsvernområde og/eller nasjonalpark skal sakene også leggast fram for fylkesmannen si miljøavdeling.

## 6.2 RETNINGSLINER

### 6.2.3 Sæterstølane

I saker som gjeld tiltak innfor sæterstølane skal prosjektrapport om verneverdi av stølane av 1995, leggast til grunn.

I heftet "Byggeskikk og estetikk" på side 19 er omtala og teke fram døme som gjeld stølar og fritidshus; side 19 i heftet er vedlagt saka.

#### *Uttale frå:*

Møre og Romsdal fylkeskommune dagsett 29.11.2012.

### Saksvurdering og konklusjon:

Gjeldande kommuneplan, arealdelen, sine føresegner og retningsliner sitt pkt. 6.1.1 er heilt klar på at for nybygging på stølsområda er det krav om reguleringsplan. Innkomen byggesøknad for nybygg på Nysætra kan såleis ikkje handsamast før det ligg føre reguleringsplan.

Det er høve til å søkje om dispensasjon frå kravet om reguleringsplan og Det faste utvalet for plansaker kan, når spesielle tilhøve ligg føre, gje dispensasjon.

Når det gjeld samanlikning mellom føringane som er gjeve i heftet om byggeskikk og estetikk for stolar og fritidshus; jfr. saksvedlegg, og innkomen teikning i gjeldande søknad, kan ein nemne det som bør sjåast på/justerast:

- takvinkel (helst over 28 ° )
- form på vindauge
- veranda/terrasse
- høgde på murar/front

Desse punkta er i hovudsak dei same som kulturavdelinga i fylket har merka i sin uttale dagsett 29.11.2012. Det kan elles vere ynskjeleg at arbeidet med retningslinene for seterstølane ligg føre når byggesaka skal handsamast, dersom ikkje er gjort vedtak om reguleringsplan for stølen.

Saka kan klagast på etter dei vanlege reglane etter forvaltningslova med ein klagefrist på 3 veker.

Stig Holmstrøm  
rådmann

Mottatt 12/12 - 13



Norddal kommune  
Servicetorget

- ein  
verdsarvkommune

Lars Jarle og Elsa Selboskar  
Fjørå

6210 VALLDAL

Vår ref.

12/1470/32/1, L42/BEOS/70258820

Dykkar ref.

Dato:

10.12.2013

### Særutskrift: Oppføring av hytte/sel gnr 32, bnr 1 og 2 - Elsa N. og Lars J. Selboskar

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

#### FS-139/13 Vedtak i Formannskapet 09.12.2013:

Søknaden datert 31.10.2012 fra Elsa N. og Lars J. Selboskar om nybygg på Nysætra, gnr. 29-32, bnr. 1, 2, kan ikke handsamast med heimel i plan- og bygningslova og kommuneplanen, arealdelen..

Før søknaden kan handsamast må det ligge føre reguleringsplan eller dispensasjon fra arealdelen av kommuneplanen sitt krav om regulering.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.*

*Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klag over, den eller dei endringane ein onskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan være uklart for oss om du har klagt i rett tid, vert du beden å oppgje når denne klagen kom fram.*

*Bente Klakken Osvik*

konsulent

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.11.2013	Oppføring av hytte/sel gnr 32, bnr 1 og 2 - Elsa N. og Lars J. Selboskar	85170
10.12.2013	Teikningar	66454
10.12.2013	Situasjonsplan	66453
02.12.2013	Stolar og sæterhus - skisse	85348

Postadr.:  
Postboks 144  
6211 Valldal

E post/heimeside  
post@norddal.kommune.no  
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks  
70 25 88 00  
70 25 88 01

Bankgiro:  
4020 07 00122

Organisasjonsnr.  
939 396 268



## Saksframlegg

### Dispensasjon hytte/sel gnr 32, bnr 1 og 2 1. gongs behandling Nysætra

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
007/14	Det faste utvalet for plansaker	03.02.2014

#### Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.01.2014	NK-Dispsøkn.pdf	86461
21.01.2014	SØKNAD OM DISPENSASJON.docx	86460
28.11.2013	Oppføring av hytte/sel gnr 32, bnr 1 og 2 - Elsa N. og Lars J. Selboskar	85170
21.01.2014	Situasjonsplan	66453
02.12.2013	Stølar og sæterhus - skisse	85348
21.01.2014	Teikningar	66454

#### Ikkje utsendte saksdokument:

Gjeldande kommuneplan, arealdelen med føresegner.

#### Rådmannen si innstilling:

Det faste utvalet for plansaker har ikkje til hensikt å gje dispensasjon frå krav i arealplanen om regulering, med grungjaving i pågåande arbeid med retningslinjer for stølane.

#### Handsaming:

Merete Løvoll Rønneberg, Nl, kom med slikt forslag til vedtak:

1. Det faste utvalet for plansaker har til hensikt å gje dispensasjon frå kravet i arealdelen om regulering av stølsområdet på Nysætra etter ei avgrensa høyring på 4 veker.
2. Det faste utvalet for plansaker vil understreke viktigheita av ivaretaking av seterstølane våre, også gjennom byggeskikk og estetikk, og ein føreset at vilkår i brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 29.11.2012, vert innarbeidd i planane.
3. Det faste utvalet for plansaker vektlegg i dette høvet den lange sakshandsamingstida. Ein ser det òg slik at det er i grenseland kor vidt hytta kan sjåast som eit nybygg.

**Vedtak:**

Samrøystes i samsvar med forslaget frå Merete Løvoll Rønneberg


**PL-007/14 Vedtak i Det faste utvalet for plansaker 03.02.2014:**

1. Det faste utvalet for plansaker har til hensikt å gje dispensasjon frå kravet i arealdelen om regulering av stølsområdet på Nysætra etter ei avgrensa høyring på 4 veker.
2. Det faste utvalet for plansaker vil understreke viktigheita av ivaretaking av seterstølane våre, også gjennom byggeskikk og estetikk, og ein føreset at vilkår i brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 29.11.2012, vert innarbeidd i planane.
3. Det faste utvalet for plansaker vektlegg i dette høvet den lange sakshandsamingstida. Ein ser det òg slik at det er i grenseland kor vidt hytta kan sjåast som eit nybygg.

**Saksgrunnlag:**

- Søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan
- Saksframlegg: 139/13 Formannskapet 9.12.2013 Oppføring av hytte / sel for gnr. 32 bnr. 1 og 2

**Saksopplysningar:**



Det er søkt om oppføring av ny fritidsbustad med ein storleik på  $35,4 \text{ m}^2$  BRA,  $54 \text{ m}^2$  BYA på felles grunn gnr. 29 – 32 bnr 1 og 2, Nysætra i Fjørå. Den nye bygninga er planlagt plassert på tomta der det tidlegare stod eit sel/hytte som no er riven.

Gjeldande kommuneplan, arealdelen med føresegner og retningsliner er klar på at for nybygging på stølsområda er det eit krav om reguleringsplan. Innkomen byggesøknad for nybygg på Nysætra kan såleis ikkje handsamast før det føreligg ein reguleringsplan eller ev ein søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan.

#### Saksvurdering og konklusjon:

Formannskapet gjorde i møte den 2.9.13 i sak 08/13 vedtak om at kommunen skal starte gjennomgang av retningslinjer (om riving, påbygging, nybygging og endra bruk av bygningar) på sætrestøylar i samarbeid med Stordal kommune. Arbeidet skal ta til i desse dagar, og vil vere fullført i løpet av våren. Ei handtering av reguleringskrav til stølende vil verte noko av det som vert vurdert i forbindelse med dei nye retningslinjene. (Det kan ev verte ei oppmuking i dei lavaste klassene.)

Arbeid med nye retningslinjer og ev ein byggesøknad kan gå parallelt, men ein må ikkje vedta noko som kan virke øydeleggjande på sætremiljøet før ein har fått gjennomarbeida nye retningslinjer. Dermed synes ulempene av ein dispensasjon å vere større enn fordelane etter ei samla vurdering i denne sak no.

Dersom ein mot innstillinga skulle gå for ei avgrensa høyring som igjen kunne ende opp med ein dispensasjon frå krav om regulering, må ein vidare i forbindelse med byggesøknaden ha eit blikk til hefte om byggeskikk og estetikk for stølar og fritidshus (takvinkel (helst over  $28^\circ$ ), form på vindauge, bruk av terrasse på terrengnivå og høgde på murar osv).

Rådmannen går inn for at Det faste utvalet for plansaker ikkje har hensikt å gje dispensasjon frå krav i arealplane om reguleringsplan, og at ein ikkje sendar saka på ei avgrensa høyring til berørte partar og myndigheiter. (Det kan berre verte gjeve dispensasjon frå krav om regulering ein gong for gnr. 32 bnr.1 og 2.)

Tor Helge Stavdal  
rådmann

## **Harald Rogne**

---

**Fra:** Lars Jarle Selboskar <laselbos@online.no>  
**Sendt:** 16. mars 2014 12:00  
**Til:** Harald Rogne; jon.loevoll@c2i.net  
**Emne:** KONTROLLUTVALGET I NORDDAL. BYGGESAK PÅ NYSÆTRA I FJØRÅ.  
**Vedlegg:** STATUS.  
Skriv nr. 2. til Kontrollutvalget 16.3.2014.docx; Planutvalsmøte 141013 særutskrift.pdf; FS 91213 vedtak.pdf; FS 91213vedtak 2.pdf; FS 91213 vedtak 3.pdf; FS 91213 vedtak 4.pdf; FS 91213 vedtak 5.pdf; FS 91213 vedtak 6.pdf; FS 91213 vedtak 7.pdf; FS 91213 vedtak 8.pdf; FS 91213 vedtak 9.pdf; FS 91213 Særutskrift.pdf; dispensasjon.pdf; SØKNAD OM DISPENSASJON.docx; Kommbehandling av dispensasjonssøknad.pdf; Komm innstilling 210114 dispøkn.pdf; Komm innstilling 210114 dispøknad 2.pdf; Komm innstilling 21114 dispøknad 3.pdf; DFplanutval møte 3214 særutskrift.pdf; Komm Avgrensa høyring 10214.pdf; Skriv vedr. oversendelse av reguleringsplan med føresegner.docx; FS 91213 vedtak.pdf; FS 91213vedtak 2.pdf; FS 91213 vedtak 3.pdf; Planutvalsmøte 141013 særutskrift.pdf; Reguleringsplanen 1990.docx

Hei!

Viser til vårt skriv av 14. september 2013 til Kontrollutvalget i Norddal. Som vedlegg til denne e-post følger korrespondanse med Teknisk Etat/ kommunale vedtak i ettertid, med status pr. 15. mars 2014 i samme sak.

Mvh

Lars J. Selboskar

ELSA N. OG LARS J. SELBOSKAR

Selboskar, 16. mars 2014

Kontrollutvalget i Norddal

v/ sekretariatsleder Harald Rogne

6210 VALLDAL

**AD. BYGGESAK PÅ NYSÆTRA I FJØRÅ. TEKSK ETAT I NORDDAL SIN BEHANDLING.**

En viser til vårt skriv av 14. september 2013 samt til sak 22/13 ved Kontrollutvalget i Norddal sitt møte 15. oktober 2013. Videre vises til Rådmann i Norddal sin e-post til sekretariatsleder Harald Rogne 23.10.2013 der under pkt. 2 ble referert Det faste utvalet for plansaker sitt vedtak av 14.10.13. Under sak 25/13 i møtet 9.12.13 har Kontrollutvalget avgitt kjennelse.

Da saken ruller videre i de kommunale fora tillater en seg å oversende korrespondanse og vedtak til vitende, med status pr. 15. mars 2014.

Det ser ut for at denne byggesaken ingen ende tar. Teknisk Etat har nå hatt saken i sitt arbeidsfelt mer og mindre siden august 2005. Den nå innsendte sak har vært til behandling siden 29. oktober 2012, etter at sivilarkitekt Aarseth sine tidligere godkjente tegninger, ( godkjent august 2009 ), ble trukket av kommunen ved kjennelse 3. juli 2012.

En lister opp følgende i saksutviklingen:

Møte 9. 12.13 Det Faste Utvalet for Plansaker	Se særutskrift.
Vårt skriv av 14.12.13	Omtaler reguleringsplan som påstås ikke foreligge.
Vårt skriv av 30.12.13	Dispensasjonssøknad.
Komm. skriv av 15.01.14	Søknadsbehandling.
Komm. Innstilling av 21.01.14	Omtaler dispensasjonssøknaden. Framlegg.
Møte 3.02.14 Det Faste Utvalet for Plansaker	Se særutskrift.
E-post frå kommunen 10.02.14	Opplegg til avgrensa høring.
Vårt skriv av 14.3.14	Vedlagt reguleringsplan fra 1990 med føresegner.

Vi har merket oss at Kontrollutvalget har etterlyst status i saken med kommunen. En kjenner ikke til

det materiell som er oversendt. En tillater seg derfor og sende over det materiale vi rår over, - så langt. Vi regner med at Teknisk Etat fortsatt vil arbeide med saken og trenere den videre, nå når innspill etter høringen skal vurderes. En vil komme tilbake til dette ved en senere anledning, og da ventelig ta opp hele saksbehandlingen i full bredd.

Med hilsen

Elsa Selboskar s. Lars J.Selboskar s.

VEDLEGG

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Norddal kommune

Dato: 26.03.2014

**SAK 05/14**

**VEDKOMANDE MYKLEBUST VASSVERK – EVENTUEL NY AVTALE**

Som vedlegg følgjer:

- Avtale mellom Norddal kommune og Myklebust Vassverk datert 14.01.2014

Det var lagt opp til å drøfte denne saka i førre møte, men avtalen låg ikkje føre og saka vart utsett.

Kontrollutvalet tok saka opp første gongen i sak 04/13 og avdelingsingeniør Yngve Hovden orienterte.

Av møteboka gjekk følgjande fram frå orienteringa til Hovden:

*Han kom inn på enkeltpunkt i avtalen som var lite gunstig for kommunen. Avtalen skulle fornyast i 2012. Han opplyste at kostnadene med drift av renseanlegget var vesentlege og at inntaket har for liten kapasitet. Myklebust vassverk har ansvar for inntaket. Vatn som blir brukt av eigarane av Myklebust vassverk jf pkt. 6 i avtalen går også gjennom renseanlegget. Han opplyste vidare at fleire private vassverk ønsker at kommunen skal ta over anlegga deira. Ei målsetting var like avtalar med alle private vassverk i kommunen. Kommunen er i ferd med å lage nye avtalar. Alle abonnentane til Norddal kommune også dei kommunale abonnentane som får vatnet sitt frå Myklebust vassverk betalar lik avgift, og innkrevde vassavgifter dekkjer kommunen sine utgifter på området.*

I møtet fatta kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

*Med bakgrunn i at kommunen er i ferd med å lage nye reglement på området, vil kontrollutvalet avvente med å gå inn i saka.*

Den avtalen kontrollutvalsekretariatet har motteke er berre ein avtale om prisregulering og berører ikkje prinsipielle forhold. Saka blir likevel lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Kontrollutvalet v/Harald Rogne

**Vår ref.**

10/1489/M12/BEOS/70258820

**Dykkar ref.**

**Dato:**

04.03.2014

**Forespørsel om saka er ferdigbehandla i kommunen - førebels svar**  
**Avtale Myklebust Vassverk**

Vi har motteke dykkar brev datert 03.03.2014.  
Saka er sendt til Yngve Hovden som er saksbehandlar.

Dette til orientering.

Med helsing

Bente Klakken Osvik  
konsulent



Kontrollutvalet v/Harald Rogne

**Vår ref.**  
10/1489/M12/YNHO/70258854

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
06.03.2014

### Forespørsel om avtale - Myklebust Vassverk

Vedlagt oversendes avtale som er etterspurt.

Med helsing

Yngve Hovden  
teamleiar

Vedlegg:

Dok.dato      Tittel  
06.03.2014      Avtale om prisjustering mellom Norddal kommune og  
Myklebust Vassverk datert 14.01.14

Dok.ID  
89830



## NORDDAL KOMMUNE

Forvaltning drift og vedlikehald

Avtale.

*Møte mellom Norddal kommune og Myklebust Vassverk vedk. prisjustering på levering av vavn frå Myklebust Vassverk.*

Møtedeltakara:	Håkon Myklebust	MVV
	Knut Ove Myklebust	MVV
	Einar Lied	NK
	Yngve Hovden	NK

Viser til avtale datert 01.12.2008.

Denne nye avtale starter frå 01.01.2013. og skal årleg indeksregulerast.

KPI: januar 2013 – desember 2013 +2,3%

Utbetaling ved årsskifte. Abonnentliste skal følgje faktura.

19	Bustadhus:	(1125,-) +2,3%	(19 *25,86) =	491,34
10	Hytte:	( 562,50)+ 2,3%	(10*12,94) =	129,40
1	Næring	(1125,-) +2,3%	(1*25,86 ) =	25,86
		Etterbetaling:	Kr	646,60

NK orienterte litt om planar for utviding av Omenås bustadfelt, med behov for betre kapasitet på inntak. Mvv har utført litt forbetingar på inntak i 2013. Det viser seg at kapasiteten er litt for dårlig spesielt i sommarhalvåret når det blir nytta dryppvatning. Dette vart diskutert litt, og målingar skal gjennomførast sommaren 2014. NK og Mvv skal i samarbeid planlegg kva som kan utførast for å få god nok kapasitet på anlegget.

Stikkleidning til klubbhuset ligg med liten overdekning, og er utsatt for ising. I utgangspunktet var dette ei privat leidning som vart nedgravd av Valldal idrettslag. Seinare har denne leidninga blitt ei distribusjonsleidning for fleire hytter i området, og driftsansvaret bør då delast på NK og VIL. Tiltak må gjennomførast for at abonentane har vatn til alle årstider. NK tar kontakt med VIL for å planlegge tiltak.

Valldal 14.01.2014

Myklebust Vassverk

Norddal kommune

Håkon Myklebust      Knut Ove Myklebust

Einar Lied      Yngve Hovden